

---

Saksnr: 2021/20870-1  
Saksbehandlar: Roald Landøy

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		14.06.2021

**Klage på vedtak om tilskot til fartøyvern – MF Folgefonn**

Forslag til vedtak

1. Hovudutval for kultur, idrett og integrering meiner at det ikkje er kome inn moment i saka som endrar grunnlaget for tidlegare vedtak.
2. Hovudutval for kultur, idrett og integrering opprettheld vedtak i sak PS 37/2021 handsama 25.03.21. Klagen vert ikkje tatt til følge.

Søkjjar	Objekt	Tildeling	Tilsagn 2022
Hardanger og Voss Museum	MF Folgefonn	1 900 000	1 400 000

**Samandrag**

Vestland fylkeskommune har motteke klage frå Hardanger og Voss Museum ved Silje Tjosås, på vedtak om tilskot til fartøyet MF Folgefonn frå ordninga «Sikring og istandsetjing av verna fartøy» 2021. Klage på vedtaket vart motteke 06.05.2021. Søkjarpert, Hardanger og Voss Museum, gjev som årsak til klagen at tildelt sum er for låg. Etter ei ny samla vurdering meiner fylkesdirektøren at det ikkje er kome fram nye opplysningar som gjev grunnlag for å gjere om på vedtaket. Ut frå dette rår fylkesdirektøren Hovudutval for kultur, idrett og integrering til å oppretthalde vedtak frå 25.03.2021 der det vart løyvd kr 1 900 000 for 2021, og eit tilsegn på kr 1 400 000 for 2022, til MF Folgefonn.

Per Morten Ekerhovd  
fylkesdirektørDavid J Aasen Sandved  
seksjonssjef*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift***Saksutgreiing**

**Bakgrunn for saka**

Som del av regionreforma overtok fylka ansvaret for å handsama søknadar om tilskot til kulturmiljøtiltak gjennom ordningar i statsbudsjettet kap. 1429. Klagen gjeld vedtak om tilskot frå post 74 *Tilskot til Fartøyvern*, der målet er å «sikre og setje i stand, og bruke til formidling, freda fartøy og eit utval av fartøy som er tildelt status som verna skip, der eigar skriftleg har akseptert å følgje Riksantikvaren sine antikvariske retningsliner».

Ordninga vart lyst ut i heile Vestland med søknadsfrist 1. november 2020. Tilskota skal i følgje utlysinga gå til « (...) konkrete restaurerings-, istandsetjings og vedlikehaldsarbeid.»

Hardanger og Voss Museum eig MF Folgefonn som no står i dokk hjå Bredalsholmen Dokk og Fartøyvernsenter. For 2021 søkte Hardanger og Voss Museum om nær 6,5 million kroner i tilskot frå post 74 til dekking av utgifter istandsetting, lagerleige mm. Søknadssummen er utan eigendel eller eigeninnsats og det er ikkje synt til søknad hjå andre tilskotsgevarar.

Hovudval for Kultur, idrett og integrering gjorde vedtak om tilskot til MF Folgefonn i 2021 på kr 1 900 000 og tilsegn på kr 1 400 000 for 2022. MF Folgefonn var såleis det fartøyet som fekk tildelt størst tilskot og tilsegn. Hardanger og Voss Museum meiner dette er for låg sum som vil føre til at kostnadane vil auke grunna at progresjonen i istandsettingsarbeidet går ned.

**Vedtakskompetanse**

Vedtaksmynde i denne saka er heimla i Reglement for hovudutval for kultur, idrett og integrering: 3 Saker der utvalet har avgjerdsmynde:

Fordeling av statlege tilskot og stønadsordningar som fylkeskommunen er sett til å ivareta innanfor sitt arbeidsområde

Klage på einskildvedtak skal handsamast på ny i vedtaksorganet, før saka vert sendt over til klageinstansen for endeleg avgjerd, jf. Rettleiar i tilskotsforvaltning for avdeling for Kultur, idrett og integrering.

**Vurderingar og verknader**

I klagesaker ser fylkesdirektør på om det har blitt gjort formelle feil i handsaminga av søknaden, om det er utøvd rett skjøn i vurderinga av søknaden og om det er kome inn nye opplysningar i saka.

Fylkesdirektøren viser til PS 37/2021. 36 av dei verna og freda fartøya i Vestland søkte om tilskot frå post 74 for 2021. Med ein samla søknadssum på 58 millionar ein stor trong for sikring og istandsetjing av dei verna og freda fartøya i Vestland. Med låg dekningsgrad i rammetilskotet frå Riksantikvaren på knapt 17% av søknadsmassen, har dette har kravd ei streng prioritering av tiltak som kan tildelast midlar. Også fartøy som oppfyller kriteria for tilskot, og/eller fell inn under prioriteringane (...), har fått avslag, eller redusert tilskotsbeløp i forhold til søknaden. Tildelinga til Folgefonn må sjåast i samanheng med rammevilkåra som er skildra over.

Hardanger og Voss Museum klagar på storleiken på tildelinga og meiner dette er for låg sum, noko som vil føre til at kostnadane vil auke grunna at progresjonen i istandsettingsarbeidet går ned. Fylkesdirektøren står fast ved fordelinga, som var tufta på «retningsliner for tildeling frå statsbudsjettet kap. 1429 post 74. Her heiter det at fylgjande tiltak skal prioriterast:

- Vidareføre prosjekt som beslaglegg slipp eller dokk med arbeid som er finansiert av post 74
- Freda fartøy
- Fartøy som står i fare for å miste sertifikat utan utbetringar
- Fartøy med stor frivillig innsats

**Økonomi:** Saka gjeld fordeling av øymerka midlar frå statsbudsjettet og påverkar difor ikkje andre sider ved fylkeskommunen sin økonomi.

**Klima:** Ikkje relevant

**Folkehelse:** Ikkje relevant

**Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):** Ikkje relevant

**Konklusjon**

Etter ei ny og samla vurdering ser ikkje fylkesdirektøren at det har kome fram opplysningar som gir grunnlag for å gjere om vedtaket. Fylkesdirektøren rår til at hovudutval for kultur, idrett og integrering held fast på vedtaket frå 25. mars 2021, der søknaden fekk tilskot på kr 1 900 000 for 2021, og eit tilsegn på kr 1 400 000 for 2022. Søknaden frå MF Folgefonn vart vurdert opp mot retningslinene og dei prioriterte tiltaka i ordninga og MF Folgefonn var det fartøyet som fekk det største tilskotet.

Fylkesdirektøren syner til drøftingane ovanfor og rår til at vedtak frå Hovudutval for kultur, idrett og integrering 25.03.2021 vert oppretthalde.